



Møtereferat styremøte 4. oktober 2022

Styremøtet vart halde fysisk på kulturhuset i Sykkylven 4. oktober 2022 kl. 18 til 20.30. Innkalling var sendt ut tidleg i september og saklista med saksdokument var sendt ut 29. og 30. september.

Frammøte frå styret: 16 av 17 representantar/vararepresentantar:

Kommune: Deltakar:

Fjord	Eva Hove - leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide - nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Bernhard Harkjerr (vara for Annika Brandal)
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik (teams)
Sande	Sindre Slettestøl
Stranda	Jan Håkon Vikane
Sula	Nils Erik Bjørkavåg
Sykkylven	Trond Bonesmo
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda*	Annlaug Stokke (vara for Ola Einang)
Ørsta	Karen Høydal
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund	Nora Morken Farstad (vara for Janet Roelofs)
Ålesund	Ewa Hildre (vara for Thea Elise Vestre Aasen)
Tilsettrepr.	Forfall (vara kunne ikkje møte)

Andre framømøtte: Dgl. leiar Anne Berit Støyva Emblem og Ingvill K. Aa. Holmen fagleiar idrett, friluftsliv og folkehelse i Sykkylven kommune.

Saksliste:

Saksnummer: Tittel:

Sak 82/22	Godkjenning innkalling, sakliste og referat sist styremøte
Sak 83/22	Faste orienteringspostar
Sak 84/22	Status økonomi august 2022
Sak 85/22	Statleg sikring av friluftsområde og forvaltningsplanar for område
Sak 86/22	Dagleg leiar midlertidig gradert permisjon grunna offentlege verv
Sak 87/22	Lokale lønnsforhandlingar for tilsette i friluftsrådet 2022

Sak 82/22: Godkjenning innkalling, saksliste og referat

Innkallinga vart sendt tidleg i september, og sakslista vart sendt ut 29.9. Referat frå sist styremøte 27.6. ligg på nettsida: [Lenke](#)

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend. Referat frå styremøte 27. juni 2022 vert godkjend.

Sak 83/22: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar orienterte kort om (eigen pp-presentasjon i møtet):

- **Status fagområda**
 - Aktivitet: StikkUT!, Vår veke
 - Aktivitet: Slå på ringen
 - Aktivitet: Friluftsskular, KomUT i haustferien, naturmøteplass, innvandrar
 - Friluftslivets ferdselsårer
 - Driftsarbeid, frilufstoalett, arbeidsbilar
 - Marin forsøpling
 - Skjergardstenesta
- **Status personalsituasjonen og andre administrative forhold**
- **Andre dagsaktuelle orienteringar**
 - Ansattssamling alle friluftsråd september 2022
 - Friluftsrådet 50 år i 2024 – søkt om ansattssamling i 2024

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 84/22: Status økonomi august 2022

Kort om saka:

Styret gjekk gjennom statusrapport økonomi for jan-august 2022, samanlikna med same periode i fjor. Det er enkelte av inntektene (tilskot) for 2022 som ikkje er utbetalte enno. Kort oppsummert viser rekneskapen pr. 31.08.22 eit overskot på kr 3,1 mill hittil i år. Sum utbetalte tilskot og andre driftsinntekter hittil i 2022 er kr 11,4 mot kr 7, 6 mill i same periode i fjor. Dette er ei auke på kr 3,9 mill eller 51%. Lønnskostnadene hittil i år er kr 4,5 mot kr 4,1 mill i same periode i fjor.

Vedtak:

Styret tek statusoppdatering økonomi august 2022 til orientering.

Sak 85/22: Statleg sikring av friluftsområde og oppdatering forvaltningsplanar

Kort om saka:

Dette var også styresak i november 2020. Møre og Romsdal fylkeskommune har sendt friluftsråda oversikt over alle statleg sikra områda og kvar det er behov for å etablere eller fornye tilhøyrande **forvaltningsplanar** Sunnmøre friluftsråd må følgje opp kommunane på Sunnmøre. Ein godkjend og gjeldande forvaltningsplan er ein føresetnad når kommunen

eller friluftsrådet det skal søke om midlar til tiltak i desse områda. Det er kommunen som eig planen. Miljødirektoratet har utarbeidd god rettleiing for utforming av forvaltningsplan: [Lenke](#). Samtidig ynsker vi å påverke kommunane til å søke om og **etablere nye statleg sikra område**. Det er behov for ei informasjonsrunde til kommunane Framgangen for å søke om statleg sikring av friluftsområde er godt beskrive på Miljødirektoratet sine sider – [lenke](#).

Vedtak:

Styret tek informasjonen om statleg sikring til orientering og ber friluftsrådet følgje opp kommunane i arbeidet.

Sak 86/22: Dagleg leiar midlertidig gradert permisjon grunna offentlege verv

Kort om saka:

AU (møte 31.8.22) støttar at dagleg leiar tek ut delvis permisjon for å gå over på fast frikjøpsordning i Ålesund kommune ut kommunestyreperioden. Anne Berit har to større leiarverv i Ålesund kommune. Jamfør Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår i Ålesund kommune § 3-6 Frikjøp, har ho rett på å ta ut 31% frikjøp. Føresetnaden for frikjøpsordninga er at den folkevalde tek ut permisjon i yrkeslivet tilsvarande frikjøpet. I dag får friluftsrådet refundert per time når Anne Berit er fråverande i arbeidstida grunna offentlege møter. Med gradert ulønna permisjon vert friluftsrådet si lønnsutbetaling redusert med 31%. Dagleg leiar sitt overordna ansvar er omtalt i samarbeidsavtalen § 8.

Vedtak:

Styret støttar AU si innstilling om at dagleg leiar får midlertidig gradert permisjon på 31% for å gå over på frikjøpsordning som folkevald i Ålesund kommune. Permisjonen gjeld ut denne kommunestyreperioden. Det er ein føresetnad at Anne Berit ivaretek ansvaret som dagleg leiar slik det går fram i Samarbeidsavtalen §8.

Sak 87/22: Lokale lønnsforhandlingar for tilsette i Sunnmøre friluftsråd 2022

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd er medlem av Samfunnsbedriftene og følger Hovudavtalen og Hovedtariffavtalen i kommunal sektor og rammene for stilling, lønn og lønnsforhandling. Dagleg leiar gjennomfører lønssamtaler i samband med medarbeidarsamtalar dei komande vekene. Dagleg leiar har personalansvar og lønn er ein del av personalansvaret. AU delegert mynde som forhandlings- og lønnsutval, jf. vedtak i sak 37/21. Forhandlingane skal helst gjennomførast innan oktober og har verknad frå 1. mai 2022.

Vedtak:

AU har møte med dagleg leiar innleiingsvis før lønnsforhandlingane om rammer og gjeldande reglement. Dagleg leiar gjennomfører innleiande drøftingar og får bistand frå ein i AU i sjølve forhandlingane. AU har møter med dagleg leiar undervegs om det er behov for avklaringar.